

ÅRSRAPPORT FRÅ KREFTOMSORG

ÅRDAL KOMMUNE

2011



Innhold

1.0 Kreftomsorga i Årdal	3
1.1 Kreftsjukepleiar	3
1.2 Nettverk for ressursjukepleiarar	3
1.3 Hospitering	5
2.0 Plan vidare	5
2.1 Kreftsjukepleiar	6
2.2 Statestikk over antall pasientar som har vore i kontakt med kreftsjukepleiar året 2011.....	6

1.0 Kreftomsorga i Årdal

1.1 Kreftsjukepleiar

Frå januar 2011 vart det oppretta ein stilling på 20% som kreftsjukepleiar. Eg fekk dermed ein dag i veka eg kunne jobbe kun med kreftomsorg. Dette har ført til at eg som kreftsjukepleiar har fått mykje betre kontinuitet i arbeidet innan kreftomsorg. Det har vore lettare og planlegge og avtale heimebesøk, og anna kontakt med kreftsjuke og pårørande som har ynskja kontakt evt besøk.

Kreftplan for Årdal Kommunen vart ferdig skriven i 2011, og har vorte presentert for HSO. Den er blitt politisk godkjent og er klar for å offentleggjerast.

Brosjyren er ferdig utarbeida, lagt ut på legekontora og ligg ute på kommunen si internettside. Den er blitt godkjent av Kompetansesenter for lindrande behandling, og ligg og ute på deira sine nettsider. Brosjyren er godt kjent for ressursjukepleiarane rundt om i kommunen og sjukehusa både i Lærdal, Førde og på Haukeland.

I 2011 har eg som kreftsjukepleiar fulgt opp personar med kreftsjukdom og deira pårørande i ulike sjukdomsforløp med heimebesøk. Frå januar og ut året har det totalt vore 23 personar som har blitt råka av kreftsjukdom og har hatt kontakt med. I tillegg har eg gjeve tilbod og hatt samtalar med etterlatne. Dette er ei auke på 91,6% frå 2010.

Heimebesøka har eg stort sett fått gjennomført den dagen i veka som eg har fått tildelt kreftsjukepleiarstillinga, men på grunn av ulike årsakar har det vore naudsynt å ta nokre heimebesøk utanom dette. Årsaka til det er at nokon av pasientane er under behandling og er ein del på reis. Anna årsak er at det i periodar er fleire pasientar samstundes som ynskjer å ha kontakt med kreftsjukepleiar. Dette gjer at eg har vore nøydte til å ha heimebesøk på andre dagar enn tysdagar.

Personar eg som kreftsjukepleiar har fulgt opp er personar som mottek anna teneste frå eldreomsorg, og personar som ikkje er tilknytt noko anna teneste i kommunen. Det er personar som er heilt i startfasen og nyleg har fått diagnosen kreft, men dei fleste eg har hatt kontakt med, er pasientar som er i palliativ fase. Dvs pasientar som får lindrande behandling og er i livet sin slutfase.

Alle personane eg har vore hjå har budd i eigen heim.

1.2 Nettverk for ressursjukepleiarar

I mars 2011 fekk me med oss ein sjukepleiar til i ressursgruppa her i Årdal. Det er Malin Lintho som jobbar ved Årdal sjukeheim. Ho var på introduksjonskurs i juni 2011.

Ressursgruppa har gjennom heile året hatt måntlege møter. Planen med ressursgruppa er at me skal vere rådgjevarar og veiledarar i alle sonene og institusjonane der det er pasientar med kreftsjukdom eller anna alvorleg sjukdom.

I 2011 har nettverket samla ressursjukepleiarane i fylket, til felles regionalsamling i Førde. Der var representantar frå alle ressursgruppene i heile fylket. På desse regionalsamlingane vert og leiarane i kommunane inviterte. Lokalsamlingane for lokalgruppa Indre Sogn, vart på våren arrangert i Vik og på hausten var det Årdal som var arrangør.

Tema for lokalsamlinga i Vik var bruk av media til marknadsføring av nettverket og dei lokale ressursgruppene. Me bestemte oss for å gå i saman med Lærdal kommune og Lærdal sjukehus. Nettverket har laga ein informasjonstekst som skal nyttast ved innlegg i media, i tillegg til det skreiv me kvar for oss kven me er og kva me jobba med.

Andre tema som vart tatt opp i Vik var, pasientar som får medikamentell behandling, og heilskapleg omsorg til pasienten og familien rundt.

Lokalsamlinga i Årdal 04.oktober vart arrangert på Klingenberg Hotel. Det var to kommunar som ikkje var representert på denne samlinga. Tema for samlinga var, åndeleg og eksistensiell omsorg og kommunikasjon rundt dette. Her inviterte me prest Carsten W Hansen som heldt eit foredrag for oss. Det andre temaet me hadde oppe på denne samlinga var samarbeid med fastlegane i Årdal. Her fekk me med oss Dr. Bjarte Hove og Dr.Magnus Hultgren. Dei fortalte om det gode samarbeidet me har, og at dei synes det som positivt og til god nytte for pasienten og dei pårørande å ha ei ressursgruppe og ressursjukepleiarar. Samstundes kvalitetsikrar det behandlinga til pasientane, då ressursjukepleiarane kjenner pasientane veldig godt.

Det vart skriva eit innlegg i Laban om samlinga me hadde her i Årdal. Den kan lesast i siste utgåva av Laban 2011.

Det er og to regionalsamlingar i nettverket. Desse vert alltid haldne i Førde. Både på lokal- og regional samlingane får me undervisning frå ulike eksterne aktørar i tillegg til representant frå palliativt team helse Førde, og representant frå Kreftforeninga region Vest. I tillegg nyttig utveksling av erfaringar frå dei ulike kommunane.

Ressursgruppa har laga informasjonsspermar som er satt ut på ulike avdelingar. Desse permanente inneheld generell informasjon om rettigheter, kartleggingar om smerter, informasjonsbrosjyrar og anna ulike informasjon som kan vere til hjelp for personalet rundt om i dei ulike avdelingane. Desse vert kontinuerlig oppdaterte med ny informasjon og vedlikeholdt.

I November arrangerte me ein minifagdag for sjukepleiarane i kommunen, der farmasøyt Jan Oddvar Kilsti underviste. Tema for undervisninga var, lindring til døydne pasientar, legemiddel og eldre, og så gjekk han gjennom ulike typar av laksantia.

Ressursgruppa har i 2011 teke i bruk noko som vert kalla medikamentskrin. Dette er ei samling med 4 medikament, nytta til medisineriing i livet sin slutfase. Det er smertestillande, kvalmedempande, beroligande og medikament som skal hjelpe på pusten. Me har avtalt med Vitus apotek i Øvre Årdal at dei har dei ulike medikamenta på lager til ei kvar tid. Me og har og laga avtale og prosedyre i lag med legane om at dei på eit tideleg stadie skriv ut reseptar på

medikamenta til dei pasientane det er aktuelt for. Dette gjer at heimesjukepleia kan hente ut medikamenta i god tid før pasientane vert for dårlege.

Ressurssjukepleiar Malin har laga til eit skap på medisinerrommet på Årdal sjukeheim der prosedyrar og veileidarar for bruken av desse medikamenta ligg. I tillegg har sjukeheimen medikamenta tilgjengeleg. Alle sjukepleiarane i kommunen er informerte om dette.

1.3 Hospitering

I samarbeid med fagkonsulent Elin Eldegard fekk me i orden hospitering på kreftavdelinga på sjukehuset i Førde for ressursgruppa. Ressursgruppa var ein dag i november 2010 på omvisning og fekk informasjon om organiseringa av kreftavdelinga, sengepost og poliklinikk.

Kristin Hovland og eg hospiterte i mai, medan Malin Lintho og Beate Sem Johansen Øy var på hospitering i september. Hospiteringa var positivt både for oss som ressurssjukepleiarar, og for ansatte ved kreftpoliklinikk- og sengepost. Me kjenner no kvarandre og veit kven me skal spørje etter når me tek kontakt med kvarandre.

Ressursgruppa vil fortsette med hospitering, om det let seg gjere ca kvart andre år.

2.0 Plan vidare

2011 har vore eit produktivt år for ressursgruppa. Me har fått utarbeida og fått på plass informasjonsspermar rundt om på avdelingar, fått ferdig og levert ut informasjonsbrosjyre om ressursgruppa og nettverket. Kreftplan har vore oppe til vurdering i HSO og er blitt godkjent.

Ressursgruppa har i 2011 gjennomført fagmøter i alle avdelingar om ernæring, og funne fram til kartleggingsverktøy ein skal nytte for å kartlegg pasientane sin ernæringsstatus både i institusjon og heimesjukepleia.

Eldreomsorg i Årdal kommune søkte Helsedirektoratet om midlar til å drive prosjekt innan ernæring. I fyrste omgang fekk me avslag på denne søknaden. På tampen av 2011 fekk me attendemelding frå Helsedirektoratet om at dei hadde fått ekstra løyvingar, og ville gje Årdal kommune midlar til å starte opp med ernæringsprosjekt likevel.

Ernæringsprosjektet får ein prosjektleiar i 30% stilling, ressursgruppa vil vere med i vidareføringa av dette prosjektet.

I 2012 vil ressursgruppa fortsette å møtast ein gong i månaden og halda fram arbeidet med å informere og vidareformidle kunnskap om behandling og oppfølging av pasientar med kreft og anna alvorleg sjukdom.

Me har som målsetting om å organisere 2 fagdagar, der ein kan prøve å få ein ekstern forelesar til undervisning som er ynskjeleg for dei ansatte.

Ut ifrå handlingsplan 2011 er det ein ting med ikkje fått gjennomført dette året og det er eit samarbeidsmøte med legekantora. Dette vil me prøve å få gjennomført i løpet av 2012.

Ressursgruppa skal på regionalsamling februar 2012 og lokalsamling i Sogndal i april. Lokalsamlinga for hausten er ikkje klar endå.

2.1 Kreftsjukepleiar

Får januar 2011 fekk eg 20% stilling som kreftsjukepleiar. Dette utgjer ein dag i veka, og eg har hatt kreftomsorgsdag kvar tysdag.

Dette har ført til at eg har fått hatt betre kontinuitet i arbeidet innan kreftomsorg, og det har vore lettare å planlegge heimebesøk hjå pasientar som har hatt behov/ynskje om det.

I tillegg fekk eg i mars 2011 eigen telefon. Dette har gjort at eg har vore lettare tilgjengeleg. Pasientar og pårørande gjer attendemelding om at det er lettare å ta kontakt no, då dei veit at dei treff meg på telefon. Dette gjeld spesielt pasientar som ikkje har teneste frå kommunen frå før.

Dette året har det vore ei betydeleg auke i henvendingar til kreftsjukepleiar både frå pasientar og pårørande, men og frå sjukehusa her i fylket. Det er tydeleg at å få ein stilling som kreftsjukepleiar og eigen telefon, har vore med på å gjere tenesta lettare tilgjengeleg. I tillegg ser ein resultat etter marknadsføring både gjennom internett med eigen brosjyre og i media.

2.2 Statestikk over antall pasientar som har vore i kontakt med kreftsjukepleiar året 2011

<u>ALDER</u>	<u>MENN</u>	<u>KVINNER</u>	<u>ALLE</u>	
50-66 ÅR	2	4	6	
67-74 ÅR	2	3	5	
75-79 ÅR	1	4	5	
80-84 ÅR	2	3	5	
85-89 ÅR	1	0	1	
90 ÅR OG OVER	1	0	1	
TOALT	9	14	23	
Snittalder				74 år